

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 7

Arna September 1971

4. årgang

MED EIGI HAND ME INKJE VANN

Gideon og alt folket som var med honom, tok ut tidleg um morgonen, og lægra seg ved Harodkjelda, og Midjans-heren låg nordanfor, frå Morehaugen og burtetter lægdi. Då sa Herren til Gideon: «Du hev for mykje folk med deg. Eg vil 'kje gjeva midjanitarne i hendene på so mange, elles kunne Israel kyta for meg og segja: «Det er mi eigi hand som hev berga meg». Ropa no ut for folket: «Den som er redd og fælen, kann snu og fara heim att frå Gileadfjellet». Då var dei tvo og tjuge tusund mann som snudde heim, og ti tusund vart att. Men Herren sa til Gideon: Du hev endå for mykje folk. Lat dei ganga ned til kjelda, so skal eg røyna dei for deg der, og dei som eg segjer skal vera med deg, deim skal du taka med, men alle dei som eg segjer ikkje skal vera med deg, deim skal du ikkje hava med». So let han folket ganga ned til kjelda, og Herren sa til honom: «Alle deim som lepjar vatnet i seg med tunga liksom hunden, skal du setja for seg, og sameleis alle deim som legg seg på kne og drikk». Dei som då førde vatnet til munnen med handi og lepja, var tri hundrad i talet, alt hitt folket la seg på kne og drakk av vatnet. Og Herren sa til Gideon. «Med dei tri hundrad

mann som drakk av handi, vil eg berga dykk og gjeva Midjan i hendene dine, alt hitt folket kann draga heim att.»

So tok dei til seg ferdakosten at folket og lurane deira, og Gideon let alle Israelsmennar fara heim so nær som dei tri hundrad, deim hadde han att hjå seg. Midjanslægret låg nedanfor honom — i lægdi. Og då det vart natt, sa Herren til honom: Gjer der reidug og tak på lægret der nede. Eg gjev det i hendene dine. Er du redd, so gakk fyrst ned med Pura, sveinen din. Då fær du høyra kva dei talar um, og sidan kjem du til å kjenna deg so sterk, at du torer taka på lægret». So gjekk han og Pura, sveinen hans, ned til forpostane i lægret. Då Gideon kom, var der ein som fortalde felagen sin ein draum. «No skal du høyra kva eg hev drøymt». «Eg tykte eg såg ei bygg-kaka kom trilliande inn i Midjanslægret, og då ho kom til tjeldet, skuva ho til det, so det rulla i koll, og der låg det.» «Dette er 'kje noko anna enn sverdet at Gideon, israeliten», svara hin. Gud hev gjeve midjanitane og heile lægret i hendene hans. «Då Gideon hørde draumen og uttydingi, lagde han seg på kne og takka Gud. Han gjekk attende til Israelslægret og sag-

de: «Ris upp. Herren hev gjeve Midjanslægret i hendene dykkar».

So skifte han dei tri hundrad mann i tre flokkar, og gav deim alle lurar og tome krukkor i hendene, men inni krukkone var det kyndlar. Og han sa til deim: «Sjå etter korleis eg fer åt, og gjer de like eins. Når eg bles i luren, eg og alle dei som er med meg, so skal de og blåsa i lurane dykkar rundt ikring heile lægret og ropa: For Herren og for Gideon». Gideon og hundrad mann som var med honom kom til utkanten av lægret fyrstundes i midnatsvakti. Og alle tri flokkane bles i lurane og braut sund kruk-kone. Med vinstre handi greip dei kring kyndlane og i høgge handi heldt dei lurane, bles i deim og ropa: «Drag sverdet for Herren og for Gideon» alt med dei vart standande kvar på sin stad rundt ikring lægret. Då tok alt som i lægret var til å renna att og fram og hua og røma. Og Herren laga det so at då dei høyrde ljomen av lurane, vende dei sverdi sine mot kvarandre. So gjekk det i heile lægret. Og heren rømde til Bet-Hasitta, burtimot Serera, midt for Tabbat.

Or Domarane-soga frå 1100 f. Kr.

Somebody's Mother

av

Mary D. Brine.

Til norsk ved Eirik Skjerve.

Ei hutrande kvinna på fortoget stod med snøfok og vindgræl mot andletet slo. I gata låg snøslaps, so føret var glatt, og søyla kring vognhjul og hesthovar skvatt.

Men kvinna var gamal og hårkruna grå. Det fall ikkje lenger so lettivint å gå. Og menneski storma forbi utan stans, men ingen på kvinna gav ringaste ans.

A gå yver gata var vådeleg verk,
ja jamvel for ein som var rappføtt og sterk.
Den smälätne kvinna var angstfull og ør,
for ferdsla var større enn nokongong før.

Ho stod der og kvidde seg, lenge og hardt,
Di lenger ho drygde, diverre det vart.
Det var som i mengdi ho søkte seg skjul
mot trampande hovar og surrande hjul.

Då kom det ein ungeflokk rusande fram,
so lufti ho dirra av knising og glam.
For dagen på skulen var endeleg all,
og borni var fegne for snøen som fall.

Men ingen ei hjelpande hand henne baud.
Dei åtte 'kje tanke for kvinna si naud.
Til slutt kom ein smilande godhjarta pjokk,
visst gladast i heile den bråkande flokk.

Han stogga ved kvinna og kviskra so blidt:
«Eg skjønar du treng at eg hjelper deg litt.»
Han greip ho i armen, og losa ho trygt.
Han bauta seg fram utan eving og frykt.

På skjelvande føter ho vakla av stad.
Og guten var tindrande fyken og glad
at han hadde lemer so sterke som stål
og greidde å stø henne fram imot mål.

Attende i flokken han sa dei eit ord:
«Den gamle er visseleg einkvan si mor.
Når mi mor vert gamal og vesal til beins,
so vonar eg nokon då gjer like eins.»

Om kvelden bad kvinna si inderleg bøn:
«Velsign denne guten med rikeleg løn.
Han ytte meg hjelp då i vande eg var,
til heider og gleða for mor og for far.»

Referat frå Bjørgvin Bispedømes Ungdomsting

13. og 14. august vart det skipa til Ungdomsting for Bjørgvin Bispedøme i Slettebakken kyrkjesenter. Det var i alt 120 deltakarar som kom frå dei ulike kyrkjelydane i bispedøme. Dessutan var ein del frivillige organisasjonar representerte. Frå Ytre Arna Sokneråd møtte to utsendingar, Aud Romslo og Øystein Rønhoode.

Mottoet for Ungdomstinget var «Kyrkje i oppbrudd», og dette temaet var det som danna grunnlag for drøftingane dei to dagane tinget varde. Deltakarane var oppdelte i grupper, eller seksjonar, som arbeidde med ei utdjuping av hovudtemaet.

Tinget opna med «biskopens time» der biskop Per Juvkam helste deltakarane velkomne på vegne av Bispedømerådet. Han kom deretter inn på ein del synspunkt i tilknytting til hovudtemaet og la stor vekt på at «Kyrkje i oppbrudd» fyrst og fremst må vurderast i bibelsk perspektiv. Biskopen bad om at følgjande spørsmål måtte vurderast: Om Den norske kyrkje si stode, kyrkjeordninga, opplegget i Bjørgvin Bispedøme og sist men ikkje minst vårt eige liv som kristne, stemmer med det opplegget ein finn i Bibelen.

Om det ikkje er tilfelle for kvar av desse faktorane, kjem ein ikkje utanom eit «oppbrudd» Vidare presiserte biskopen med bakgrunn i 1. Peters brev 1,1 og 2,11, at kyrkja er ein framand storleik i verda, og at oppbruddet ikkje er noko som skjer her og der i kyrkja sitt liv, men at det er kyrkja si normale stode.

Vidare sa biskopen at kyrkjeordninga vi har i Den norske kyrkje i dag stort sett stammar frå 1600-talet og han bad tingdeltakarane svara på spørsmålet om 1600-talets kyrkjeordning høver for 1970-åra.

Biskopen kom også inn på statskyrkjeordninga, og viste då til dei forventningane

han sjølv og mange med han hadde i samband med frigjeringa i 1945. Dei politiske partia hadde då vore «snille som søndags-skuleborn» og kom med ei felleserklæring der dei lova at kyrkja skulle få dei arbeidsorgan som tente hennar framtidige verke i folket. Biskopen meinte at dei politiske partia har svikey kyrkja, og at dei har korke syn eller vilje til å forstå hennar ønskje og behov.

Då kyrkja vart statskyrkje vart ho forarma, sa biskopen, og presiserte at det ikkje minst gjaldt diakonien. Han viste og til den skrikande mangel på kateket-stillingar. Det biskopen mest av alt sakna var ein generalplan for Den norske kyrkja, og meinte at kyrkja no burde ta saka i si eiga hand og ikkje stola på andre.

Til slutt sa biskopen at «Kyrkje i oppbrudd» fyrst og fremst den einskilde i oppbrudd. Han viste her til faren for å forveksla sosialt engasjement med det Bibelen kallar omvendning og tru. Kyrkja må forkyssa at det fins berre ein veg, ei levande tru på Jesus Kristus som frelsar og herre i livet vårt.

Den neste som hadde ordet var generalsekretær Gunnar Stålsett som i sitt foredrag over temaet «Kyrkje i oppbrudd», kom inn på at kyrkja i alt for sterk grad var bunden til staten, og at dette hemma henne i ei endring av den etablerte kyrkjeordning. Han hevda at kyrkja ikkje kunne utføra si fulle oppgave som kyrkje samstundes som ho sit og «varmar seg i statens skjød» som Stålsett uttrykte det.

Initiativet til eit oppbrudd innan kyrkja vil ikkje koma frå den noverande leiinga av kyrkja og heller ikkje frå dei frivillige organisasjonane i kyrkja, meinte Stålsett, og han kom her med spørsmålet om dei unge, dei som i dag ber om å få dela ansvar for

Kristi sak i folket vårt, om dei vil sørgja for eit oppbrudd, ut frå ei klar grunnleggjving i kyrkja sitt kall og kår.

Stålsett kom også inn på dei indre kyrkjelege organisasjonane, og hevda eit syn som gjekk inn for ei samanslåing av dei ulike organisasjonane til ein eller to, så det vart slutt på den dobbelkøyninga som han meinte no eksisterer.

Om Jesus vekkinga sa Stålsett at det er ein åndsstraum som har grensesprengjande eigenskapar. Den bryt ned grenser mellom nasjonar, kulturer og konfesjoner, og har i seg eit høve til å sameine generasjonane. Den er ein reaksjon på ein kristendom som er vorte institusjonell, ein kristendom som har gjort Kristus besteborgarleg. Vekkinga som no går over U.S.A. kan i omfang og intensitet samanliknast med dei store vekkingane i det forrige århundre. Det er ei rørsle som kan danna grunnlag for ei ny og epokegjerande stadfesting av Jesu herreveldi i verda. Det gjeld her ei ny og intens oppleving av Den heilage Andes mektige gjerningar i det einskilde menneske og i kyrkja som ei heil, ei åndsvekking av revolusjonerande karakter.

Stålsett presiserte til slutt at den norske kyrkja må fornyast innanfrå, med konsekvensar for heile den kyrkjelege strukturen, organisasjonsform, arbeidsmetode og dagleg åndeleg liv i heim, kyrkjelyd og samfunn. Det skal ikkje vera eit oppbrudd frå Guds ord, frå Guds lov og Guds evangelium. Det ville vera fråfall. Vi kan med frimot stå på kyrkjeleg grunn, Den heilage skrift, den felles kristne og den lutherske vedkjenning, og be om rett bot, ei rett forkyning og eit rett oppbrudd.

Arbeidet heldt så fram i dei ulike gruppene der det vart reist spørsmål om kva oppbruddet fører med seg for vårt medmenneskelege ansvar, for kyrkjelyden og for ungdomsleiaren. Sidan var det bibel-

time ved akademilektor Ole Øystese, der han tala over emne «Kristus og nådegavene».

Dagen vart avslutta med Rytmegudstene neste der mellom anna Slettebakkens eiga ten-sing gruppe «Kor 3,11» deltok.

Andre dag av Ungdomstinget vart opna med nattverdsgudstene ved biskopen. Deretter var det «biskopens time» som var opplagt som ein spørjetime. Mellom anna kom ein av deltakarane fram med spørsmålet om kyrkja skulle bryta med det politiske systemet som eksisterer. Dette spørsmålet må setjast i samband med det biskopen dagen før hadde sagt om at ein ikkje kunne stola på dei politiske partia når det gjeld kyrkjelege reformer. Til dette svarte biskopen at kristne menneske sjølvsagt skal engasjera seg politisk, men ein kristen er borgar av to samfunn — og sjølv om hans politiske engasjement vil bera preg av hans kristne syn, er det berre som borgar av det menneskelege samfunn han kan driva politikk.

Eit anna spørsmål fekk biskopen til å presisera at Bibelen må vera det einaste utgangspunkt også for politisk aktivitet. Ein av deltakarane hevda at kyrkja hadde vorte ein slags sosial sermonimester ved dåp, konfirmasjon og vigsel — og ville ha desse problema klårlagt av biskopen. Juvkam forsikra då at dette var hans eige og alle prestars vanske — ikkje minst dei yngre, men han såg det som ei utfordring til kyrkja om å verta i stand til å gå inn i dei situasjonane dei kyrkjelege handlingane gjev høve til. Det er to alternativ for dykk unge i denne situasjon, sa biskopen til slutt. De kan for det fyrste føreta ei frontforkorting og samla i folden dei som det er naturleg å få med dykk. De kan for det andre nytta alle dei kanalane ut til folket som enno står opne og legg høve til rette for ein ny framstøyt for evangeliet

gjennom ei misjonerande folkekyrkje.

Etter «biskopens time» gjekk deltakarane over til gruppearbeid, der kvar av gruppene arbeidde med eit av dei tre emne: Korleis starte ungdomsarbeid — nye arbeidsformer — ei vurdering av det arbeidet som er i gang sett i relasjon til målsetjinga.

Bibeltimen vart også laurdag halden av Ole Øystese, over emne: «Nådegavene og kyrkjelyden».

På plenumsmøtet om ettermiddagen vart gruppemøte og foredrag vidare utdjupa, dessutan vart fire ulike resolusjonsframlegg handsama. Det vart fyrst einstemmig vedteke eit framlegg til Liturgikommisjonen om å sørgja for at det vert gjeve høve til å preika over Det nye Testamentets brevlitteratur og Det gamle Testamentet ved einskilde høgmesse gjennom året.

Med 61 mot 19 stemmer vart det sendt ei oppfordring til Norges kristelege Ungdomsforbund om å oppretta ein instans for omsetjing og mangfoldiggjering av kristne ungdomssalmar og sangar frå utlandet. Vidare vedtok tinget å senda inn resolusjon til justisdepartementet der lovgjevinga og rettspraksisen vert endra slik at prinsipiell og situasjonsbetinga militærnektning vert likestilt, dessutan at det vert gjeve alternative tenesteformer som samsvarer med nektingsgrunnlaget.

Ungdomstinget vart avslutta med eit festsamvær der formann i Norsk kyrkjeleg Råd, Per Voksø var hovudtalar. Han understreka i talen sin at fridom står sentralt i ei kvar drøfting om framtida til Den norske kyrkja, og det riktigaste er at kyrkja får ein fridom som gjer det mogeleg å gå inn i dei situasjonane Gud opnar til ei kvar tid. Den norske kyrkja har langt på veg ein slik fridom meinte Voksø, som vidare sa at all debatt omkring statskyrkja kan ver ei flukt frå dei konkrete og nær-

liggjande problema. Statskyrkja har verka hemmande på ein del område, men ho har altfor ofte vorte nytta av kyrkja som ei dårleg orsaking for ikkje å gjera noko. Kyrkerådsformannen meinte og at fridom til initiativ er ein av dei viktigaste forutsetningane for at kyrkja framleis skal kunna leva i folket vårt. Per Voksø sa vidare at kyrkja i dag var kalla til å bryta opp frå ei rekke gamle formlar, ikkje fyrst og fremst frå den noverande strukturen, men ei frigjeving frå bekymringar både som kristne, som kyrkjelyd og som kyrkje.

Under festsamværet var det elles helsingar ved formannen i Bjørgvin Bispedømeråd, rektor Erling Smemo og ved soknespresten i Slettebakken Alf. B. Danielsen.

Ungdomstinget var derved avslutta, eit ting som ikkje minst arrangørane skal ha all æra for. Det bar preg av eit rikt kristent fellesskap, og ein vilje til eit djupare engasjement og nytenking i kyrkjelege saker.

A. R.

Akademisk borgarbrev

Kva er det for noko fint? Yver 1000 studentar var nyss samla i Bergen for å taka imot slikt borgarbrev. Nokre og her ifrå Arna. Det er eit fint ark med raudt uglestempel på og so: «Sigillum Universitatis Bergensis». Rektor og Det Akademiske Kollegium ved Universitetet i Bergen kunngjer at N.N. som ved handtak har lovt samvitsfullt å vilja retta seg etter dei føresegnene som gjeld for dei som studerar ved Universitetet, er oppteken blant dei akademiske borgarane ved Universitetet.

Det var ein fin høgtidsdag i Engen då alle møtte fram for å få slikt brev. Interessant og med samanlikning med slike høgtider ein sjølv fekk vera med på for snart 50 år sidan. I Bergen var ingen festplass, ungdomane fylte fortåg. Berre halvparten

av dei hadde duskelua. Og bunaden elles var ymsevoren. Me såg jenter i fin bunad, dei livde opp i saien. Me såg gutar komande inn i festsalen og naboen min kviskra til meg: «Han der ser ut som han skal til fjells». På heimvegen nemnde eg dette med nybakte akademiske borgarar. Dei skyna seg betre på ungdom frå idag og fortalde meg: «Du skynar det er ikkje alle av oss som har dress idag. Me kjøper berre enkle lette klæde». Den finaste guten tykte eg det var han som kom i bunad, men det heldt vel framleis ordet: Hundene skal ikkje dømmast etter håri og fine jenter treng då inkje stas.

Me såg prosessjonen. Me fekk høyra musikk og song: «Integer vitæ, scelerisque purus.» Det tyder: Rein i si ferd og fri frå brotsverk — ei eldgamal akademisk visa. Med like gamal tone som me kjenner best til songen: «Himmelske Fader.» Fint vart han sunge, men for ei oppliving det hadde vorte ifall alle desse studentane hadde slept seg lause i fultonande song med vår: «Himmelske Fader.» Den oppliving vart me snytte for og av latinen heng vel berre: «Integer vitæ» att. Men lat det få hanga att som ei helsing til oss alle frå den gamle tid: «Rein i si ferd.» Me kan 'kje gløyma at det då og var idealisme og høg himmel yver ungdommen.

Rektor Håkon Mosby tala til studentane om einsretting som dei ikkje ynskte seg, om grunnhaldning i studiet, om nytten av universitet og forskning om hoffastronomane Hi og Ho som vart drepne då dei ikkje hadde varsla solmørkingi år 2137 f. Chr. Me fekk då og høyra at det idag ikkje berre er ved universitetet dei driv forskning og vitenskap og studentane vert spreidde utyver. Me vil då ynskja våre studentar glede i studiane sine. No skal det ikkje lenger heita skulegonga, men studium. Integer vitæ —

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE I ARNA:

- 25.7. Jill Kristin, foreldre: Paul Kristofer Kjellesvik og Jorunn f. Sylta.
 25.7. Merete, for.: Svein Kjeilen og Olaug Haldis f. Brændø.
 25.7. Vibeke, for.: Einar Strandenes og Eli f. Olsen.
 25.7. Trond, for.: Trygve Solberg og Alf-hild f. Olsen. (Døpt i Meråker kyrkje.)
 8.8. Kari Beate, for.: Magne Ekanger og Edel f. Kleppe.
 8.8. Kjersti, for.: Normann Olav Huns-hamar og Hanne-Irene f. Storøy.
 1.8. Monika, for.: Asbjørn Hartveit og Liv f. Mjøs. (I Ytre Arna kyrkja).
 14.8. Arild, for.: Arne Viste og Laila Karin f. Borge.
 14.8. Stig, for.: Bjørn Steinar Waage og Åshild f. Brunborg.
 14.8. Kjell-Egil, for.: Magnar Gunnar Tan-gen og Beate f. Kippersund.
 15.8. Atle Børje, for.: Magne Rolland og Brith f. Høyvik.
 15.8. Turid, for.: Magnar Anders Tveran-ger og Anne Karin f. Kleiveland.
 15.8. Belinda Margrethe, for.: Gunnar Tu-nestveit og Brita f. Tunestveit.
 15.8. Rune, for.: Josef Nesse og Anny f. Sætervik. (Døpt i Bremnes kyrkja).
 1.8. Roger Myklebust, for.: Hjalmar Pet-ter Aasheim og Anita f. Myklebust. (I Florø kyrkje).
 21.8. Morten, for.: Steinar Dolvik og Mar-got f. Næss.
 21.8. Helge, for.: Gunnar Nesse og Aslaug f. Aaland.
 28.8. Terje, for.: Lars Borge og Gerd f. Andersen.
 28.8. Rune, for.: Arne Janny Eriksen og Bente Sølvi f. Sjusen.

- 28.8. Bente, for.: Leiv Birger Hauge og Dagny Marie f. Stavenes.
 29.8. Kjersti, for.: Inge Nicolaysen og Ka-ren Elise f. Wærø.
 4.9. Monica, for.: Reidar Haugland og Anne-Britt f. Ullestad.
 4.9. Karianne, for.: Gunnar Johan Al-saker og Inger Marie f. Halvorsen.
 4.9. Lin Christin, for.: Per Steinar Ekse og Bodil f. Skjerpung.
 4.9. Bjørn Aasmul, for.: Arild Johnsen og Ingebjørg f. Aasmul.
 4.9. Robert, for.: Erik Jansen og Jorunn f. Fosse.
 4.9. Atle, for.: Gunnar Markhus og Aasta Kristina f. Spartveit.
 5.9. Jan Are, for.: Jens Oddbjørn Otnes og Berit Liv f. Solheim.
 5.9. Marit, for.: Annfred Fjellby og Odd-laug f. Sjusen. (I Lindås kyrkja).
 12.9. David, for.: Torstein Berntsen og Masuko f. Kobaiashi.
 12.9. Christine Beate, for.: Willy Martin Øien og Aase f. Gjelsvik.

VIGDE:

- 15.7. Torstein Jan Stephansen og Corinne Joyce Jensen.
 23.7. Helge Stephansen og Kirsten Berg. (I Vår Frue k., Trondheim).
 31.7. Ove Askeland og Svanhild Pauline Iversen. (I Biskopshamn k.)
 7.8. Andreas Bernhard Hundhammer og Brita Berge.
 14.8. Birger Skår og Marit Mjelde.
 14.8. Ragnvald Håvås Samsonsen og Ellen Johanne Thunes.
 14.8. Magne Hauge Skartveit og Reidun Bruvik.
 21.8. Kåre Dærning og Liv Vigdis Elias-sen.
 28.8. Torstein Haukeland og Kate Sunde.
 28.8. Eirik Kolstad og Jorun Margrete Straume.



Vår mann i Arna Kåre Fyllingen

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring, og står til tjeneste med råd og veiledning

Storebrand og Idun

Adresse: Stølv. 100 B
5260 INDRE ARNA

Skal det vera

markiser eller persienner, så ring og spør meg. Eg sel Norsk Amico heilårsmarkiser og prydpersienner, stålrøyr, skyvestigar og tørkestativ

Eg sel og stålrøyrskyvestigar med flate røyrtrinn og kletørkestativ frå Ferro Stållindustri

MAGNUS BORGE

5233 Haukeland Telefon 40021

- 4.9. Thor Atle Sivertsen og Karin Thu-nestvedt.

AVLIDNE:

- 2.8. møbelsnikkar, ugift Bernhard Mo-strøm f. 1908.
 8.8. Ørjan Berg f. 3/8 1971.
 15.8. disponent h.v., enkjem. Thomas Rei-stad f. 1895.
 26.8. gift sveisar Johannes Nese f. 1929.
 27.8. gift bygningssnikkar Kedar Alfred Martinsen f. 1907.
 1.9. gift kalkv. arb. Jakob Andreas Skjøn-dal f. 1890.

**ALT I
GRAV-
MONUMENTER**

Espeland Gartneri

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
Telefon 40809 — Espeland

I min forretning
finn De gaver til bryllup, kon-
firmasjon og barnedåp



5260 Indre Arna — Tlf. 40 496

SPAREBANKEN —

Banken for innskytarane

er skipa for å stå til teneste for
Dykk, og vi ville gjerne at De kom
innom banken slik at vi kunne fortelje
Dykk korleis De kan nytte denne ten-
esta. **Velkomen i banken**

HAUS SPAREBANK

Vakre blomar frå

Trygve Garnes gartneri

Telefon 40401, Garnes
og utsal Indre Arna Tlf. 40415

Alt i bøker, papir, gramo-
fonplater og leiker får De
hos

F. BEYER

Bok og papirhandel
Indre Arna

STØRRE BARNETRYGD

Barnetrygda vert no utbetalt kvar måned
La pengane gå direkte inn på konto i
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken
kva kontotype som passar best.
Pengane står alltid til disposisjon.
Rente opp til 5 pst. p.a.

ARNA PRIVATBANK

Preikelista

17. s. e. tr. 3. oktober:

Prostinemnda for Osterøy på Vaksdal.

18. s. e. tr. 10. oktober:

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res. kap. Nattverd.

19. s. e. tr. 17. oktober:

Arna: Res. kap. Ytre Arna: Soknepresten.

Meling? 20. s. e. tr. 24. oktober:

Arna: Soknepresten. Trengereid: Res. kap.

Bots- og bededag, 31. oktober:

Arna: Res. kap. Ytre Arna: Soknepresten.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —

J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.

Sport og camping.

Glass og steintøy.